



ENKEL GUIDE TIL TELIA PLAY:

# Tips & triks for TV-løysinga di!

Ei praktisk oversikt over fjernkontroll, lineær TV, "valgmenyen", strømmetenester og andre nyttige funksjonar.

Ta vare på heftet - det kan vere nyttig neste gong du står fast.

Kvinnherad  
**Breiband**

# Viktige knappar

Desse knappene er dei viktigaste å kjenne til. Står du fast, er «huset» den tryggaste vegen tilbake til start.

## 1 Huset

Tek deg alltid heim. Uansett kvar du er i menyen, kjem du tilbake til startida ved å trykkje på denne knappen.

## 2 Huset + venstre pil

Opnar sidemenyen i Telia Play. Her finn du mellom anna TV-guide, opptak, appar og den spennande "valgmenyen"!



Sidemenyen



# Når du ser på eit TV-program

Når du ser på eit program: Trykk OK-knappen for å få fram fleire val på skjermen. Du kan f.eks. pile deg vidare til teksting, du kan pause, spole eller starte programmet forfra.

## 1 Spole tilbake

Trykk OK, og bruk deretter pil til venstre.

## 2 Spole fram

Trykk OK, og bruk deretter pil til høgre. Dette gjeld ikkje program som går direkte akkurat no.

## 3 Pause

Trykk OK to gongar. Trykk OK igjen når du vil starte programmet vidare.

## 4 Starte forfra

Trykk OK og vel «Start forfra» på skjermen.

## Opptak av program som kjem seinare

Gå til TV-guiden, finn programmet som skal gå i framtida, trykk OK og vel «Opptak». Opptaka dine finn du under Huset > Pil til venstre > Opptak.

## Sjå framtidige program med ein gong

Mange program som går i framtida, kan du allereie sjå no. Gå til TV-guiden, bla deg fram i tid og trykk "OK" på det aktuelle programmet. Kjem alternativet "spill av" opp, kan programmet sjåast med ein gong.

NB! Gjeld ikkje alle program. Kjem ikkje "spill av" opp, er det ikkje mogleg for den aktuelle episoden/programmet.

## Favorittkanalar

I TV-guiden kan du velje «Favorittkanalar» som er rett over oversikta for alle kanalane dine. Kanalane du favoriserer, legg seg først når du blar i kanalutvalet ditt.

# Byt innhald med poenga dine

## Slik finn du fram

Du har uendelig med innhald inkludert i din TV-pakke! Du set sjølv saman det innhaldet du likar best, ved å trykkje:

Huset &gt;

Pil til venstre &gt;

Valgmenyen

1

### Vel type innhald

Øvst på skjermen finn du «Strøymetenester» og «TV-kanalar». Bruk pil opp, og deretter høgre pil for å byte fane.

2

### Kryss av med OK

Stå på tenesta eller kanalen du ønskjer, og trykk OK. Ei grøn hake viser kva som er valt.

3

### Bekreft valet

Gå til «Bekreft valg» på høgre side av TV-skjermen og trykk OK.

## Kjekt å vete

- Du kan gjere fleire endringar i same runde. Ingenting vert endra før du bekreftar valet.
- Du kan byte teneste/innhald uendeleg antall gongar, når du vil. Valga vert ikkje låst. Med andre ord har du i praksis alt tilgjengeleg, alltid!
- Poenga dine er inkludert, og kan ikkje overskridast. Med andre ord: du kan aldri bli belasta i kroner og ører. Ønskjer du å utvide til fleire poeng, ta kontakt med oss!
- Poenga oppdaterer seg fortløpande når du gjer endringar, slik at du alltid ser kva du har tilgjengeleg.

## PSSST... KBAND TIPSER!

- Glad i musikk? Velg inn **Stingray Quello** (5 poeng), og sjå timasvis med konsertar med verdas største musikkstjerner 🎵 For operaelskaren har du også enkeltkanalen «**Mezzo**».
- Diggar du krim? **Britbox** er då valet for deg. Her finn du alt av britisk krim som kjem frå langt bak i arkivet, samt nyare innhald.
- **Norske filmar** gratis, sa du? Ja, det har du faktisk tilgjengeleg. 0 poeng i valgmenyen, må berre veljast inn!



# Strømmetenester forklart enkelt

## Kva er ei strømmeteneste?

Ei strømmeteneste er ei internettbasert samling med typisk filmar og seriar, men også sport og musikk. Du vel sjølv kva du vil sjå, og når du vil sjå det. Det er altså ikkje vanleg TV som går til faste tider.

Eksempel:

[TV 2 Play](#)[BritBox](#)[Viaplay](#)[HBO Max](#)[Netflix](#)

### 1 Slik vel du ei teneste

Gå til "Valgmenyen" (hus > pil til venstre), hak av for ønska strømmeteneste og bekreft valet. Nokre tenester krev ekstra registrering første gong, då følgjer du berre instruks. Sjå neste side for meir detalj om dette.

### 2 NRK-appen

NRK er gratis for alle og ligg ferdig installert på TV-boksen. Vi anbefalar å lage gratis brukar, slik at innhald du ser på vert lagra undervegs. Du finn NRK-appen ved å trykkje huset > pil til venstre > appar.

## Kor finn eg den valgte strømmetenesta etterpå?

Huset > Pil til venstre > Appar

Her finn du både valde strømmetenester og andre appar som er tilgjengelege på TV-boksen. Unntak gjeld for Britbox, Stingray Quello, SkyShowTime, "Norske filmar" og National Geographic i strømmetenestevariant. Her trykkjer du på huset, og blar deg ned til "strømmetenester". Bla deretter bortover til du finn tenesta du har valt.

The Netflix logo is displayed in large, bold, red capital letters.The TV 2 Play logo features a blue oval background with the text "2 Play" in white.



# Aktivering av strøymetenester

Nokre tenester vert klare med ein gong du har valt dei inn, andre krev ekstra registrering grunna krav hjå strøymeteneste-leverandøren. Du vil alltid få opp instruks på skjermen om det er behov for registrering.

## Klare med ein gong

- BritBox
- SkyShowtime
- Stingray Quello
- National Geographic Now (strøymevariant)
- NRK (ligg under «Appar» og er gratis for alle. Ikkje poengbasert).
- Filmfavoritter
- Min Kino
- Norske filmer

## Krev ekstra registrering

- TV 2 Play
- Viaplay
- Netflix
- HBO Max
- Prime
- TV 2 Play i kombinasjonspakke med Disney+

## Slik fullfører du ekstra registrering

1

### Registrer Telia-brukar først

Sjå side 6, «Aktivere Telia Play-brukar».

2


### Vel tenesta i Valgmenyen

Kryss av for tenesta du ønskjer, og bekreft valet. Her må du ta ein om gongen du skal aktivere fleire teneste som krev ekstra registrering (sjå liste ovanfor for kven det gjeld).

3

### Følg instruksjonen på TV-skjermen

Dersom du får QR-kode opp på skjermen, brukar du kameraet på mobilen. Sjå side 7 for vidare instruks om QR-kode.



# Nyttige funksjonar i kvardagen

## Aa Teksting alltid på

Huset > Pil til venstre > Min konto > Innstillingar > Talespråk og undertekstar. Huk av «teksting for høyrselshemma».

## TV Lokal TV-kanal

Huset > Pil til venstre > Min konto > Innstillingar > Lokale TV-kanalar > OK.

Her veljer du ønskja distrikssending.

## F Kjøp og leige av film

Trykk Huset, bla ned til «Kategoriar», og vel «Lei og kjøp». Finn ønska film og følg instruks på skjermen. Filmen legg seg under «Mitt innhald» i sidemenyen. Leiger du film, har du denne i 48 timar frå kjøp.

## M Mitt innhald

Her finn du mellom anna filmar du har leigd eller kjøpt, og innhald som er påbegynt o.l.

## Aktivere Telia Play-brukar

Du har også tilgang til Telia Play på PC, telefon og nettbrett gjennom abonnementet ditt. Dette kan vere praktisk på reise, på hytta eller når fleire vil sjå ulike ting!

For førstegongsregistrering:

[www.teliaplay.no](http://www.teliaplay.no) > [Logg inn](#) > [Telia Play / tidlegare Mi Side](#) > [Gløymt passord](#)

Følg stega vidare på skjermen. **Bruk telefonnummer som brukarnamn.** Du lagar så eit passord som du kan bruke på alle einingar seinare. Merk at kun juridisk eigars telefonnummer kan nyttast i registreringa og som påloggingsinformasjon. Ta kontakt med oss om du møter på problem her - det kan då hende vi f.eks. har feil telefonnummer registrert på deg.

# Bruk TV-abonnementet på fleire einingar



## Neste gong er det enklare

Gå til [www.teliaplay.no](http://www.teliaplay.no), vel «Logg inn». Skriv telefonnummeret ditt og bruk passordet du laga ved førstegongsregistreringa. På mobil og nettbrett kan du laste ned appen «Telia Play», og bruke same innlogginga.

### 1 Det einaste du treng

Internett! Når du er logga inn, kan du sjå innhald på PC, mobil eller nettbrett.

### 2 Hugs passordet

Passordet du lagar ved registrering, brukar du vidare på alle einingane dine.

## Korleis aktivere strøymeteneste når QR kode kjem på skjermen



## Slik gjer du det

### 1 Opne kamera på mobilen

Hald kameraet mot QR-koden på TV-en. Du skal **ikkje** ta bilete.

### 2 Trykk på lenkja

Når kameraet finn koden, kjem det opp ei gul eller smal lenkje på mobilen (utseende varierer frå mobil til mobil).

### 3 Logg inn eller lag brukar

Følg stega på nettstaden som opnar seg.

### 4 Aktiver tenesta

Aktiver tenesta:  
Når du er ferdig på mobilen, skal du velje «Aktivering fullført» på TV-en.



## Vil du ha fleire poeng?

Orkar du ikkje å byte innhald fram og tilbake? Ingen problem! Du kan enkelt kontakta oss på for å tinga ekstra poeng. Ein kan utvida heilt opp til 210 poeng. Sjå prisliste på heimesida vår [www.kband.no](http://www.kband.no) under fana "Prisar".

## Står du fast?

Ha alltid låg terskel for å ta kontakt! Ingen spørsmål er dumme, og ofte er ein rask telefonsamtale nok til å kome vidare. Du kan også ringje oss for å avtale eit fysisk møte på kundesenteret vårt. Ta gjerne med din eigne dekodar!

Vi har også alternativet med å sende ut montør for å hjelpe deg i din bustad. Dette kallar vi "Heimefix", og kostar kr 990,- (inntil 1 time). Ta kontakt for å bestille tenesta!

### Kontakt:

📞 **Telefon:** 53 47 56 40

✉ **E-post:** [post@kband.no](mailto:post@kband.no)

